

Utkast til konsesjonsvilkår for Lom helikopterplass, Gjeisarøya.

1 *Konsesjonshavars ansvar*

Lom kommune, org. nr. 975 303 330, er konsesjonshavar og ansvarleg for å driva og inneha landingsplassen i samsvar med konsesjonsvedtaket og de tilhøyrande konsesjonsvilkåra.

2 *Bruk av landingsplassen*

Landingsplassen er til privat bruk, og kan nyttast berre etter særskilt løyve frå konsesjonshavar. Konsesjonshavar plikter å opplysa dei som brukar landingsplassen om konsesjonsvilkåra. Kravet om løyve gjeld ikkje flyging i forbindelse med militær-, politi-, ambulanse, brann-, søke- og redningsoppdrag.

Konsesjonen gjeld et trafikkomfang på 150 flyrørslar i ein periode på tolv månader. Eit høgare trafikkomfang forutset at konsesjonen vert endra.

Konsesjonshavar skal loggføre alle flyrørslar på landingsplassen, der dato og tidspunkt for flyginga kjem fram. Luftfartsmyndigheten kan bestemma at det skal sendast inn trafikkdata for landingsplassen.

Landingsplassen skal primært nyttast til luftambulanse- og redningsoppdrag. Det vil også vere noko privat helikoptertrafikk.

Landingsplassen kan nyttast heile døgnet og heile året, med mindre det fastsettast operative restriksjonar gjennom ein eventuell teknisk og operativ godkjenning, jf. luftfartsloven § 7-11.

3 *Miljøkrav*

Konsesjonshavar har ansvaret for at det vert utarbeidd inn- og utflygingstrasear i samarbeid med lokale myndigheiter.

4 *Endring av konsesjonen og dispensasjon frå konsesjonsvilkår*

Konsesjonshavar skal varsle Luftfartstilsynet om fysiske og juridiske endringar knytte til landingsplassen, og om større endringar i bruken. Varslingsplikta gjelder midlertidige eller varige endringar av ein slik karakter at det kan ha betydning for vurderinga av vilkåret allmenne omsyn i luftfartsloven § 7-6, første ledd.

Varslinga må skje i rimeleg tid før ein ønsker å føreta endringa, slik at luftfartsmyndigheita kan avgjere om ny konsesjonsbehandling er nødvendig. Luftfartsmyndigheita kan i særlege tilfelle dispensere frå konsesjonsvilkåra.

5 *Luftfartsmyndighetens kompetanse*

Luftfartsmyndigheita kan endra konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Luftfartsmyndigheita kan gi pålegg om overtredelsesgebyr til statskassa til den som driv eller innehar landingsplassen i strid med konsesjonsvilkåra under punkt 2 og 3 over.

Konsesjonen kan tilbakekallast dersom konsesjonsvilkår, lovreglar eller forskrifter som gjeld for konsesjonshavarens verksemd, på vesentleg måte vert brotne under utøving av verksemda.

Luftfartstilsynet

23/08/2024